

Vaksdal kommune

Stimuleringstilskot for bustadsetablering

For alle områdar i kommunen (utanom Eksingedalen, Eidslandsområdet og Bergsdalen)

Stimuleringstilskot til alle etablerare under 35 år

- Alle under 35 år som kjøper eige husvære i kommunen kan søke om stimuleringstilskot, kr 25.000,-.
- Beløpet gjeld for kvar enkelt heimelshaver.
- Det må søkes om stimuleringstilskot innan 6 månader etter tinglyst kjøp. Ein må søka senast den månaden ein fyller 35 år. Det er ein forutsetning at ein er folkeregistrert på adressa, og at ein skal bruke bustaden til eigen bustad. F. eks. kjøp av bustad for framleige er ikkje gyldig.
- Ein kan få stimuleringstilskot til kjøp av eksisterande bustad ein gong. Så lenge dei øvrige krava er oppfylte, spiller det ingen rolle om du tidlegare har eigd bustad i kommunen, men du kan ikkje få tilskot om du har fått det tidlegare.

Stimuleringstilskot ved nybygg

- Ved kjøp av nybygd husvære eller privat nybygging på minst 50 kvm. (for områda utanom Eksingedalen, Eidslandsområdet og Bergsdalen) kan ein få etableringstilskot kr 100.000,-.
- Søkjar må vera heimelshaver til heile eigedomen. Dersom det er fleire heimelshavarar kan det gjevast tilskot dersom begge/alle heimelshavarane oppfyller vilkåra.
- Det må søkes om stimuleringstilskot innan 6 månader etter dato for utsett ferdigattest. Det er ein forutsetning at ein er folkeregistrert på adressa, og at ein skal bruke bustaden til eigen bustad. F. eks. kjøp av bustad for framleige er ikkje gyldig.
- Tilskotet gjeld nybygg på gards- og bruksnummer kor det ikkje tidlegare har vært bustader.
- Ein kan få stimuleringstilskot til nybygg ein gong. Så lenge dei øvrige krava er oppfylte, spiller det ingen rolle om du tidlegare har bygd bustad i kommunen, men du kan ikkje få tilskot om du har fått det tidlegare.

For Eksingedalen, Eidslandsområdet og Bergsdalen (gardsnummer 35-37, 39 og 54-80)

Kjøp av eksisterande bustad i Eksingedalen, Eidslandsområdet og Bergsdalen

- Gjeld gardsnummer 36-37 og 54-69 (Eksingedalen) 35 og 39 (Eidslandsområdet) og 70-80 (Bergsdalen).
- Ved kjøp av eksisterande bustad kan du søke om tilskot, kr. 100.000,-.
- Søkjar må vera heimelshaver til heile eigedomen. Dersom det er fleire heimelshavarar kan det gjevast tilskot dersom begge/alle heimelshavarane oppfyller vilkåra.

- Det må søkes om stimuleringsstilskot innan 6 månader etter tinglyst kjøp. Det er ein føresetnad at ein er folkeregistrert på adressa, og at ein skal bruke bustaden til eigen bustad. F. eks. kjøp av bustad for framleige er ikkje gyldig.
- Ein kan få stimuleringsstilskot til kjøp av eksisterande bustad ein gong. Så lenge dei øvrige krava er oppfylte, spiller det ingen rolle om du tidlegare har eigd bustad i kommunen, men du kan ikkje få tilskot om du har fått det tidlegare.

Stimuleringsstilskot ved nybygg i Eksingedalen, Eidslandsområdet og Bergsdalen

- Gjeld gardsnummer 36-37 og 54-69 (Eksingedalen) 35 og 39 (Eidslandsområdet) og 70-80 (Bergsdalen).
- Ved kjøp av nybygd husvære eller privat nybygging på minst 50 kvm. kan ein få etableringsstilskot kr 300.000,-. Søkjar må vera heimelshavar til heile eigedomen. Dersom det er fleire heimelshavarar kan det gjevast tilskot dersom begge/alle heimelshavarane oppfyller vilkåra.
- Dersom det vert bygd godkjent utleigebustad i tilknytning til nybygget, aukar tilskotet til 350.000,-.
- Det må søkes om stimuleringsstilskot innan 6 månader etter dato for utsett ferdigattest. Det er ein forutsetning at ein er folkeregistrert på adressa, og at ein skal bruke bustaden til eigen bustad. F. eks. kjøp av bustad for framleige er ikkje gyldig.
- Tilskotet gjeld nybygg på gards- og bruksnummer kor det ikkje tidlegare har vært bustader.
- Ein kan få stimuleringsstilskot til nybygg ein gong. Så lenge dei øvrige krava er oppfylte, spiller det ingen rolle om du tidlegare har bygd bustad i kommunen, men du kan ikkje få tilskot om du har fått det tidlegare.

Generelle reglar og vilkår for tilskota

- Øvre aldersgrense for søknad om tilskot er 60 år. Ein må søka senast den månaden ein fyller 60 år. Det er ein føresetnad at ein er folkeregistrert på eigedommen, og at øvrige vilkår er oppfylt.
- Ved søknad om stimuleringsstilskot for dei under 35 må søknaden føreligge senast den månaden heimelshaver fyller 35 år.
- Ein kan få stimuleringsstilskot ein gong, ein kan allikevel søkje om tilskot til nybygg om ein på eit seinare tidspunkt skal byggja/kjøpa nybygg.
- Tilskota er eingongstilskot.
- Bustaden må være heilårshusvære.
- Ein kan ikkje kombinera ulike tilskot.
- For tilskot til bustadbygging: Bustaden må nyttas til bustad i 5 år frå ferdigattest. Om bustaden vert nytta til andre føremål (eks. fritidsbustad), skal tilskotet betalast attende forholdsmessig for tida som er att.
- Ved nybygg etter brann, oppbygging av skada hus el. vil det ikkje ytast tilskot. Tilskotet gjelder nybygg kor det ikkje har vært bustad på eigedomen tidlegare.

Avgjerd:

Kommunedirektøren vert delegert mynde til å ta avgjerd i saker om tilskot.

Klageadgang:

Formannskapet kan ta avgjerd i klagesaker etter forvaltningslova sine regler.

Gjeldande frå 01.03.2023